

16. mars 2014

Til

Lindås kommune, Byggesaksavdelinga

Postmottak

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20. 03. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Klage på ulovlig bygging

Eg vil med dette melde frå om ulovlig bygging på min eigedom på Gnr. 215, Bnr. 5 på Eidsnes Ytre i Lindås kommune.

Det er eigar av Eidsnesvegen 121, Gnr. 215 Bnr. 56 som tar seg ulovlig tilrette på min eigedom.

Eg har tidligare vore i kontakt med kommunen 2 gonger dette året om desse forholda utan at det har skjedd noko. Sender derfor ei skriftlig klage på tiltaka og vil med dette be kommunen om å stanse denne ulovlige aktiviteten.

Då dette er ein aktivitet som berre har utvikla seg frå små overtredingar i starten til nå store inngrep på eigedom min.

Det begynte i det små med:

- Trampoline plassert på dyrka mark
- Båt plassert i vinteropplag på min eigedom.
- Terrasse i tilknytning til naust er bygd over grensene og inn på min eigedom.
- I samband med påbygging av hytte er det sprengt ut og etablert fylling over på min eigedom. Stein etter sprenging ligg igjen og er ikkje rydda vekk.
- Det er etablert "p-plass/utfylling" på min eigedom.
- Ved nedgraving av rørledning for kloakk og kommunalt vatn over min eigedom "valde" han seg ein heilt annan plass enn han vart tilvist.

Det siste og mest graverande er at eigar av Gnr. 215 Bnr. 56 har starta med å byggja veg fram til naustet sitt i eit LNFområde. Ved framføring av vegen som er bygd er det i tillegg høgd ein del skog, sjå vedlagte bilde.

Eg vil berre presisere at eg ikkje har gitt løyve/godkjenning til nokon av desse tiltaka.

Vil i same høve stille spørsmål om naustet som er bygd er etter godkjende teikningar.

Gnr 215 bnr 56 var tidligare fritidsbustad, så vidt eg veit er ikkje dette vorte omgjort til bustad. Så vidt meg bekjent fungerer dette i dag som ein heilårsbustad.


Nordhordlandskart .no

Vil også påpeike at eg meiner at grensene til gnr 215 bnr 56 er feil i det som ligg inne på nordhordlandskart.no. Og at tiltaka såleis ikkje kan vurderast ut i frå eit kart, men at ein må sjå på kryss i berg o.l frå gamle skyldskiftepapir.

Eg vil med dette be kommunen stoppe ulovleg bygging på min eigedom og påleggja ansvarlig å rydde opp i forholda.

Imøteser snarleg tilbakemelding frå kommunen i denne saka.

Mvh

A handwritten signature in cursive script, reading "John Ivar Eidsnes", written over a horizontal dashed line.

John Ivar Eidsnes
Eidsnesvegen 96
5913 Eikangervåg

Vedlegg:

7 Bilder